



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
29.05.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/6738  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

## Lokal forvaltning av gjess i Hordaland

Vi viser til tidlegare dialog om forvaltning av gjess i Hordaland.

Sjølv om det er ganske få bønder som kjenner det på kroppen, har det likevel blitt mykje grågås og avlingsskadar mange stader. Gjessene er både mobile og kvalitetsbevisste og det gjer at avlingsskadane gjerne vert konsentrert. Gjessene er òg ei verdi i økosystemet og i landskapet.

### Meir fleksibelt krav til friområde i forvaltingsplanen

Å utarbeida kommunale forvaltingsplanar vil vere det viktigaste grepet ein kan gjere for å redusere konfliktane. I planane skal ein kort skildre situasjonen, både omkring gåsebestand og utfordringar. Viktigast vil det vere ei konkretisering av tiltak. Smarte og samkøyrtte tiltak kan redusere både skadeomfang og konfliktnivået. Dette kan leggje til rette for gode leveområde for grågåsa.

Vi har registrert at det er fleire lokale forvaltingsplanar som er i prosess, men som ikkje har blitt slutførte. Eit tema som har vore særleg vanskeleg er etablering av friområde for gjessene. Friområde er areal med dyrka mark kor gjessene kan unngå å bli jaga og jakta på gjennom året.

Det er sterkt å anbefale at kommunane prioriterer å få på plass friområde i samarbeid med grunneigarane. Friområde er ikkje lenger eit absolutt krav for å få lokal forvaltingsplan godkjent av Fylkesmannen. Det er likevel eit krav at planen må konkretisere, og legge til grunn konfliktdepande tiltak og forsvarleg forvaltning av lokale gåsebestandar.

Erfaringar med friområde frå forskning og andre stader, er at det reduserer konfliktane. For at dette skal fungere må friområda ha beitekvalitet som gjer dei attraktive for gjessene. Å rullere på friområda vil kunne redusere belastninga til enkeltbønder slik at den vert delt mellom fleire. Det er ønskjeleg at dette kan prøvast ut. Ein annan effekt er at friområda gjer at gjessene også kan få roen til å opphalde seg i området etter jaktstart 10. august. Det gjer det mogleg å auke uttak gjennom ordinær jakt.

### Tilskot til skjøtsel av friområde

Etter førre sentrale rullering av regionalt miljøprogram i landbruket (RMP), vart tilskotsordninga for friområde for gjess i Hordaland fjerna av Landbruksdirektoratet. Det er

likevel mogleg for kommunen å bruke SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i jordbruket) til skjøtsel av nødvendige friareal. Tiltaka må vere i tråd med SMIL-forskrifta, til dømes til aktiv skjøtsel for å leggje til rette for at eit konkret areal er attraktivt for beiting for gåsa, samt andre aktuelle forvaltningstiltak som gjerde. Målet er å oppretthalde leveområde for grågåsa der den er, også i tilknytning til jordbrukslandskapet, og å leggje til rette for at gåsa har ein plass i landskapet.

For tilskotssatsen til skjøtsel av friområde kan kommunen gjerne ta utgangspunkt i kva kostnader gardbrukar har med arbeid og utgifter (eventuelt per dekar), og kva inntekt gardbrukaren kan vente eller ikkje vente i form av brukbar avling.

Ein kan ikkje gje SMIL-tilskot til andre areal der det måtte dukke opp problem med beiting av grågås, utan at arealet er tilrettelagt for grågåsa og med planlagt nødvendig skjøtsel.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Åse Vaag  
landbruksdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Hordaland Bonde-og Småbrukarlag  
Norsk Ornitologisk Forening Hordaland  
Hordaland Bondelag